

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Nils Haugland (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget tek til vitande handlingsprogram for kollektivtiltak 2021 slik det kjem fram i saka.»

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Vestland fylkesting vil arbeide for

1. at prising av kollektivreiser som gjer det billegare å reise kollektivt framfor bruk av privatbil.
2. at det skal bli gratis å ta ferje for alle som reiser kollektivt.
3. styrking av kollektivboden, bestillingsruter og drosjetilboden utanfor tettbygde strok.
4. å avvikle anbodssystemet innan kollektivtrafikken etter kvart som noverande kontraktar går ut, og vidareutvikle kollektivtrafikken i offentleg regi.»

Avrøysting

Innstillinga fekk 63 røyster (Sp, MDG, U, A, Frp, H, KRF, Pp, R, SV, V) og vart vedteke mot 2 røyster (FNB) for Haugland sitt forslag.

Kollbotn sitt punkt 1 fekk 4 røyster (R, 1FNB (Nils Haugland), 1U (Morten Klementsen)) og fall. Leif Fjellro (U) røysta ikkje.

Kollbotn sitt forslag punkt 2 fekk 3 røyster (R, 1U (Morten Klementsen) og fall.

Kollbotn sitt forslag punkt 3 fekk 4 røyster (R, 1FNB (Nils Haugland), 1U (Morten Klementsen)) og fall.

Kollbotn sitt forslag punkt 4 fekk 3 røyster (R, 1U (Morten Klementsen)) og fall.

Vedtak

Fylkestinget vedtek gjennomføring av tiltak for kollektiv 2021 slik det kjem fram i saka. Tiltaka følgjer opp dei to gjeldande styringsdokumenta Regional transportplan for Sogn og Fjordane og Kollektivstrategi for Hordaland, med tilhøyrande handlingsprogram for 2020-2023, samt nye tiltak knytt til politiske vedtak frå 2020.